


PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTE

Protokoll frå årsmøte i Klivrelaget
30.03.2022 Ulstein Arena



Sak 1. Godkjenne dei røysteføre

Det var 6 røysteføre til stades ved starten av årsmøtet
Desse hadde ordet i saka. Ingen kommentar til frå dei frammotte
Vedtak. Dei røysteføre medlemmane vart godkjent
Leif Gunnar Brandal
Lisbeth Hareide Longva
Carl Arthur Sunde
Tobias Hatløy
Jan Einar Hovden
Hans Olav Lee

Sak 2 Godkjenne innkallinga, sakliste og forretningsorden

Innstilling: Forslag til forretningsorden

1. Årsmøtet ledest av den valde dirigenten
2. Protokollen førest av den valde referenten.
3. Grunna talet på frammotte ser ikkje styret grunn til å ha strenge reglar for innlegg og taletid.
4. I protokollen førest det inn forslag og vedtak med talet på røyster for og imot.

Vedtak:

Desse hadde ordet i saka: Ingen kommentar til forretningsorden
Innkalling og sakliste vart godkjent utan kommentar.

Sak 3 Velge dirigent(er)/ordstyrar(e), referent(er) samt 2 medlemmer til å underskrive protokollen

Innstilling: Dirigent: Tobias Hatløy, Referent: Jan Einar Hovden, skrive under protokoll:
Hans Olav Lee og Leif Gunnar Brandal

Desse hadde ordet i saka. Ingen kommentar.

Vedtak:

Som dirigent vart Tobias Hatløy valt samrøystes.

Som referent vart Jan Einar Hovden valt samrøystes.

Til å underskrive protokollen vart Hans Olav og Lisbeth valt samrøystes.

Sak 4. Behandle idrettslagets årsberetning

Innstilling:

Årsmeldinga for 2022 vart godkjent.

Desse hadde ordet i saka: Tobias Hatløy

Vedtak:

Årsmeldinga for 2022 vart vedtatt utan innspel og rettingar.

Sak 5. Behandle idrettslaget sitt rekneskap i revidert stand

Innstilling: Rekneskap vert godkjent.

Desse hadde ordet i saka: Carl Arthur, Tobias og Lisbeth.

- Rekneskapen er ikkje revidert av revisor

Vedtak:

Rekneskap for 2021 vart samrøystes godkjent.

Sak 6. Fastsette medlemskontingent og treningsavgift.

Innstilling:

Medlemskontingenten kr 100

Treningsavgift 1200 vaksen (700 for halvår) og 300 barn

Vedtak:

Samrøystes vedtatt.

Sak 7. Vedta idrettslagets budsjett for 2022.

Innstilling:

Budsjett for 2022 godkjennast.

Desse hadde ordet i saka: Carl Arthur, Tobias, Leif Gunnar

Vedtak:

Samrøystes vedteke, med fylgjande endringar i budsjett:

- «Møter, kurs, oppdatering etc» justert opp frå 1000 til 7000 kr.
- «Kontingenter, ikkje frådrag» justert opp frå 3000 til 4000 kr.

Sak 8. Behandle idrettslagets organisasjonsplan

Denne saka gjekk ut, då der var einigheit om at der ikkje var noko å ta med på denne saka.

Sak 9. Val

1) Valkomitéens innstilling på leiar:

Tobias Hatløy

Vedtak:

- Tobias Hatløy samrøystes valt av dei 5 som kunne røyste.

2) Valkomitéens innstilling på nestleiar:

Jon Kåre Myrvågnes

Desse hadde ordet i saka: Tobias

Vedtak:

- Jon Kåre Myrvågnes samrøystes valt.

3/4) Valkomitéens innstilling på styremedlemmer og varamedlemmar til styret:

Styremedlem (for Connie): Hans Olav Lee

Resten av styret sitter vidare (Carl Arthur, Jan Einar, Lisbeth, Mateo, Jon Kåre og Tobias)

Vedtak:

Hans Olav Lee samrøysta valt inn i styret.

5) Valkomiteéns innstilling til Kontroll utval

Henning Langeland
Sindre Moltu Rissøen

Vedtak:

Sindre og Henning samrøystes valde.

6) Styrets innstilling på valkomité:

Følgande hadde ordet i saken: Tobias

Vedtak:

Leif Gunnar Brandal samrøystes valt.

Sak 10. Bygge bulkdrehall i nærområdet?

Hasundgot IL planlegg å sette opp ein stor Rubb-hall og spør om vi kan være interessert i å bygge buldrevegg/buldrehall saman med denne. Kostnad med å sette opp denne vil være dekt av Hasundgot IL, mens utstyr og drift ville ligge på Klivrelaget.

Prosjektering i år, oppstart bygging 2023.

Årsmøtet er veldig positive, og det vart bestemt at Klivrelaget blir med vidare i planlegginga av hallen saman med idrettslaget og deira planlegging.

Leif Gunnar Brandal og Jon Kåre Myrvågnes vert med som representantar frå Klivrelaget inn i dette arbeidet.

Sak 11. Organisering av buldring på Ulstein Arena. «Spraywall»

Alle positive til at der vert laga til for buldring som meldt inn ønske om.

Sak 12. Omorganisering av siloen til større buldreareal

Vedtak:

Set dette på vent til saken med Hasundgot IL er utgreia.

Sak 13. Kilterboard

Ønske om å få til eit Kilterboard. Der har vore foreslått to områder på Arena, men Arena har ikkje vore so positive til desse forslaga. Vart foreslått å ta dette med i planane som Hasundgot IL har i punkt 11 over, og prøve å sjå på moglegheitene for å få inn ei løysing der.

Sak 14. Lage klatreførar for øylandet

Forslag om å høyre med Tommy Skeide om eventuelt kostnad med å sette opp ein klatreførar for området. Når pris er kjent må dette opp i eit styremøte for godkjenning og vidare plan.

Tobias høyrer med Tommy.

Sak 15. Utvikling av klatrefelt i nærområdet.

Der er masse områder med potensiale. Klivrelaget har boltar og boremaskin, slik at den som har lyst og dugnadsånd vil bli godt mottekne og Klivrelaget vil være veldig positive til dette.

Sak 16. Samarbeid med andre klubbar.

- Har fellesturar på gong med Sunnmøre og Ålesund til Flø. Kjem tilbake med meir info.
- Foreslått samarbeid om innleige av personar som kan skru ruter, for å kunne dele på reiseutgifter etc.

Sak 17. Opent ord for innspel til styret og klubben si drift.

- Forslag om å stille opp med eit tilbod til nye flyktingar som har kome til Ulsteinvik no. Ein person har sagt seg frivillig til å ha eit opplegg med desse. Dette er veldig positivt! Utfordringa er plass og tid i hallen, so det vart foreslått at siloen kunne brukast til dette da det vil være enklare å finne ledig tid.
- Einigheit om å jobbe for å få til ein felles tur og klatresamling ein gong i løpet av sommaren/seinsommaren.
- Prøve å få til eit opplegg i samband med Smak Av Ulstein.

PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTE

Protokoll frå årsmøte i Klivrelaget Ulstein Arena 30.03.2022



[signatur av person nr.1 valt til å underteikne]

NAVN(blokkbokstavar): HANS OLAV LEE

DATO: 21.04.22



[signatur av person nr.2 valt til å underteikne]

NAVN(blokkbokstavar):

LISBETH HAREIDE LONGVA

DATO:

21/04-22